

Møte i Avlsutvalet i Rogaland tirsdag 9.6 kl 18

Desse møtte: Per Johan, Torill, Kjell Steinar, Siri, Lars og Hilde

Sak 1: Innkalling godkjent

Sak 2: Dommersamling

Samling saman med Hordaland på Baroniet i Rosendal, man-tirs 24-25 august, Lunsj til lunsj. Per Johan skal sende ut melding om dette til alle dommere snarast. Morten Rød, klassifiseringsansvarlig i Animalia og representanter fra Svarfjeslaget er invitert.

Det vurderes om enkelte dommerar kan dømme aleina på kåring. Dette blir tatt opp på dommersamling. Det må likevel vurderast om det skal nye og ferske dommerar inn. Per Johan har forslag på at Torill Undheim blir tatt inn som ny dommer fom hausten-15.

Sak 3: Sløyfereglement

Per Johan las opp alle tilbakemeldingane som var kome inn frå diverse lokallag og veraringar, totalt 14 stk. Avlsutvalget gjekk inn for at sløyfa fjernes fra kåringa fra og med hausten 2015.

Sak 4: Samling for væraringene januar 2016

Rogaland Sau og Geit skal ha ei fagsamling på Sola for veraringane til vinteren-16, 29-30 januar. Ønsker eit faglig sterkt program. Det er tenkt luns til lunsj-møte. Viktig med veraringane sin time. Prøver å få til eit opplegg knytta opp imot sauekurs i regi av RSG.

Sak 5: Saker som skal opp i avlsrådet 15 juni

Følgjande saker vart plukka ut og diskutert i avlsutvalget:

Sak 4.3.3 Genomisk seleksjon Rogaland ser positivt på genomisk seleksjon i framtida. Nye avlsmetoder må tas i bruk.

Sak 7 Ulldata fra slakteriene Usikker på om vektlegging av ullkvalitet og mengde skal vektleggast noko særleg i O-indeksen på NKS. Når det gjeld Spæl er dette hensiktsmessig.

Sak 8 Kåring Det er kome lite, ingen innspel til omstillinga av kåringsprosedyren. Rogaland er einige i omlegginga, med auka fokus på brukseigenskapane. Det er ikkje tatt noko endeleg standpunkt på om poengskalaen skal følgje «kjøttkåring»-prinsippet eller «O-kåring». Men Det er einighet om at kjøttkåringssprinsippet er fornuftig i framtida, om det er kjøttfylde som skal vurderast.

Skal det korrigerast for alder og burd ved bruk av poengskalaen for «kjøttkåring»??

Sak 10 Fødselsvekt Denne bør holdes stabil og ikkje aukast i noko be tydning

Sak 11 Vårvekt Veraringane i Rogaland stiller seg positive til pålagt vårveging, men det er likevel ikkje ønskjeleg å få dette til ei obligatorisk registrering. Dersom %-andelen med vårvekt vert redusert, må tiltak settjast inn.

Sak 12 Nyttan av større dottergrupper etter ein prøvevæ r Rogaland meiner at det ikkje skal settjast minstekrav til antal døtre. Vektlegginga på morsevne må ikkje kun styrast inn mot «morsevne slakt».

Sak 15 Vektlegging av delindeksen i O-indeksen

- NKS: Slaktevekt 27%, Slakteklasse 18%, Fett 10%, Mor vår 17%, Mor slakt 22%, Lammetal 6%, Ullvekt 0%, Ullklasse 0%.
- Spæl: Slaktevekt 20%, Slakteklasse 21%, Fett 6%, Mor vår 21%, Mor slakt 14%, Lammetal 12%, Ullvekt 1%, Ullklasse 5%.
- Sjeviot: Slaktevekt 22%, Slakteklasse 19%, Fett 12%, Mor vår 18%, Mor slakt 16%, Lammetal 12%, Ullvekt 2%, Ullklasse 0%.
- Kjøtsau: Slaktevekt 53%, Slakteklasse 25%, Fett 15%, Mor vår 3%, Mor slakt 4%, Lammetal 0%, Ullvekt 0%, Ullklasse 0%.

Sak 17 Rettleiande prisar på livdyr 2015 Rogaland går inn for uendra prisar i 2015, og i alle fall ikkje redusert pris 😊

Sak 18 Søknad om å danne ny veraring i Nord-Hordaland Avlsutvalget i Rogaland meiner ikkje det er urimeleg med oppstart av ny ring. Per Johan orienterer seg om denne saken på regionsmøtet.

Sak 6: Eventuelt

Det er kome inn ei sak frå Imsland og Vikedal. Denne saka omhandlar at det ikkje samsvarer mellom ullvurderinga på kåring ifht ullstasjonane. Dette er avlsutvalget sameinte i og Per Johan skal gje dei ei tilbakemelding.

Møteslutt 21.30